

---

Saksnr: 2020/36559-78  
Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		12.10.2021

## Kraffturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet. Oppstart av eit hovudprosjekt

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune nskjer ser på *Kraffturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet* som eit signalprosjekt som stimulerer kulturbasert reiselivsutvikling og bidreg med viktig kunnskapsutvikling der landskap og heilskaplege kulturmiljøperspektiv vektleggast.
2. Vestland fylkeskommune løyver kr 300.000 til oppstart av hovudprosjekt i 2021, under føresetnad av at Rogaland fylkeskommune løyver tilsvarande. Løyvinga vert finansiert innanfor vedteke budsjett, løyvingsnivå KII-Kulturarv.
3. Evt vidare løyvingar til prosjektet i 2022 og 2023 vert å sjå i samband med budsjett og økonomiplan.

## Samandrag

I Vest-Noreg har vasskraftindustrien vore særst viktig og sett mange spor i landskapet. Saka her gjeld etablering av hovudprosjektet «Kraffturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet», der målet er å gjere tilgjengeleg opplevingar av landskap og kulturmiljø knytt til kraftindustrien, og å utvikle eit kulturbasert reiselivsprodukt. Prosjektet omfattar utvalde kraftindustrimiljø i Vestland og Rogaland og er ei treårig prosjektsatsing.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 Kraffturisme. Forprosjektrapport
- 2 Vedlegg 2 Søkna til Riksantikvaren

- 3 Vedlegg 3 Presentasjon av pilotstudie og arbeid som er gjort
- 4 Vedlegg 4 Tilsegnsbrev frå Riksantikvaren

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I Vestland fylke og vestlandsregionen har vasskraftindustrien vore sær s viktig og sett lesbare spor i landskapet. Vasskrafta sine opplevingsverdiar har likevel stort sett vore unytta i reiselivsamahang. Dei historiske anlegga er dessutan store og komplekse, noko som gjev utfordringar ved at dei er vanskelege å halde i hevd når dei går ut av bruk.

For å utvikle reiselivsprodukt basert på vasskrafta, trengst det aktiv medverknad frå lokale aktørar kombinert med reiselivseksptise som kan vise veg når det gjeld utvikling, organisering og sal av produkt. Det er eit stykke veg å gå, difor har prosjektet Kraftturisme gått gjennom både ein forprosjektfase og no nyleg ein pilotstudie, støtta av Riksantikvaren og Rogaland og Vestland fylkeskommunar. Det vises her til PS144/2019 der tidlegare Hordaland fylkeskommune løyvde kr 100 000 til ein forprosjektrapport, [PS118/2020](#) der Vestland fylkeskommune løyvde 50.000 kroner til ein pilotstudie og [PS63/2021](#) der Vestland fylkeskommune løyvde kr 60.000 kroner av fondsmidlar til ei forlenging av konsulentavtale gjennom sommarsesongen 2021.

Forprosjektet resulterte i ein rapport, sjå vedlegg 1. Rapporten syner at fleire enn 30 aktørar, reiselivsaktørar, eigarar av kraftverk og kulturinstitusjonar, ønskte å delta i eit hovudprosjekt.

Pilotstudien har, i samråd med Riksantikvaren, vore konsentrert om tre utviklingsarenaar, Høyanger, Tyssedal/Odda og Flørl i Rogaland. På alle desse stadene har det vore utvikla og organisert produkt basert på rundturar, klare for sal gjennom reiselivet sine marknadsføringskanalar i sommarsesongen 2021. Døme på produkt frå alle desse stadene er vist i vedlegg 3.

Det er no ønskeleg å følge opp arbeidet gjennom etablering av eit hovudprosjekt: «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet». Dette hovudprosjektet vil ha som overordna mål å samordne og legge til rette for at det kan utviklast brei verdiskaping basert på ei kopling mellom eldre kraftinstallasjonar som i dag er opne for besøk, og reiselivsbedrifter i regionen som saman kan skape eit attraktivt reiselivsprodukt.

Etter innsending av søknad inviterte Riksantikvaren til eige møte om satsinga 07.05.21. Frå Vestland fylkeskommune deltok representantar frå både kultur og næring (avdelingane Kultur, idrett og inkludering og Innovasjon og næringsutvikling). Tilsvarande var Rogaland fylkeskommune representert frå både kultur- og nærings sida. Prosjektet vert av Riksantikvaren oppfatta som eit signalprosjekt, som dei ynskjer å støtte. Prosjektet vert også oppfatta som interessant for følgjeforskning. Fylkeskommunen har så langt ikkje motteke tilsagnsbrev, men det er gjeve signal om at dette vil kome innan kort tid.

Om hovudprosjektet «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet»

#### Mål for prosjektet

«Kraftturisme- opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet» tek utgangpunkt i kraftindustrien sine landskap og kulturmiljø, og har som mål å tilgjengeleggjere opplevingar gjennom å utvikle eit kulturbasert reiselivsprodukt.

Verdien av kraftindustrien sine kulturmiljø har vore omtalt i planer og strategiar innanfor ein rekke fagområde og sektorar. Likevel er det utfordrande at verdiane i kraftlandskapet er så omfattande at det er fare for at vesentlege kulturmiljø kan gå tapt, dersom desse ikkje bringes inn i inntekstgjevande og synliggjende aktivitetar.


Forstudien viser at det er interesse blant reiselivsaktørar og forvaltarar av kulturminne til å ta desse ressursane i bruk i ein reiselivssamaheng. Gjennom formidling av landskaps- og kulturmiljøverdiane i ein reiselivssamaheng, vil ein kunne nå ut til nye målgrupper. Det er også vektlagt som viktig setje desse kulturminna på dagsorden for å styrke lokale identitet og lokalsamfunnsutvikling. Dette er særleg viktig sett ut frå dei demografiske og økonomiske utfordringane ein rekke av desse industristadene no står overfor.

Måloppnåinga i prosjektet kan summerast opp gjennom følgjande hovudpunkt:

- For krafteigarane er historiske anlegg ofte knytt til kostnader. Ved å bringe inn inntektsgevande aktivitetar vil vedlikehaldet av desse bli lettare å forsvare.
- For forvaltninga av kulturmiljøa vil ein slik tilnæringsmåte som dette prosjektet representerer, gi auka medvit og løfte kulturmiljø inn i lokal samfunnsutvikling.
- For lokalsamfunna vil dette understøtte lokal næringsutvikling og underbygge bulyst og stedsidentitet/stoltheit.
- For det lokale næringslivet vil produktutviklinga gje moglegheiter for marknadsføring av nye attraksjonar, noko som kan medføre lengre opphaldstid lokalt, og gjennom dette bidra til å styrke inntektsgrunnlaget.
- Kunnskapen om og omfanget av Norge sin vasskraftshistorie som en særdeles viktig del av samfunnsutviklinga, særleg på Vestlandet, vil kome fram gjennom synleggjering og bruk av desse kulturmiljøa i lokal verdiskaping.

### Geografisk område for prosjektet

Prosjektet vil fokusere på utvalde kraftindustrimiljø i Vestland og Rogaland knytt saman av Nasjonale Turistvegar. Innfallsportane vil vere Stavanger, Haugesund og Bergen.



#### **Stavanger som utgangspunkt:**

Fotland Mølle og kraftstasjon  
 Mosvatnet kraftstasjon  
 Oltedal kraftstasjon  
 Jøssingfjord / Nedre Hellenen kraftstasjon  
 Flørli  
 Kraftstasjonen i Lysebotn  
 Ulla/Førre

#### **Haugesund som utgangspunkt:**

Sauda 3/Industriarbeidermuseet / Åbø-byen (Sauda)  
 Allmannajuvet  
 Storlivatn dam - Svartavatn dam  
 Nesflaten, Suldal 1 kraftstasjon - Energihotellet

#### **Bergen som utgangspunkt:**

Røldal  
 Norsk Vasskraft og Industristadsmuseum - Tyssedal kraftstasjon / Senjaneset trafostasjon Kraftledning Tyssedal - Odda / Lilletopp - Ringedalsdammen  
 Sima m/Sysendammen + Eidfjord Natursenter  
 Kinsarvik/Kinso 1 kraftverk (industristaden som aldri vart noko av)  
 Ålvik  
 Svelgen kraftverk  
 Høyanger kraftverk 1-5 og  
 Industristadsmuseet/Byporten  
 Årdal - Eriksdal kraftverk, Nye/Tyin kraftverk, Mannsberg  
 Aurland 1- 5 + Leinafoss  
 Refsdal i Vik + Kraftledning Refsdal - Fardal m/Sognefjordsspennet

### Prosjektorganisering

Prosjekteigarar vil vere Rogaland og Vestland fylkeskommunar. Prosjektleiing vil organiserast gjennom kjøpt teneste etter utlysing av anbodskonkurranse. Prosjektleiinga må ha reiselivskompetanse.

Prosjektet vert organisert med styringsgruppe med ein politisk oppnemnd representant frå kvar av fylkeskommunane, samt ein representant frå Riksantikvaren (dersom RA ønsker det). Ei arbeidsgruppe med tilsette frå fylkeskommunane, samt representantar frå deltakarane i hovudprosjektet, førebur saker for styringsgruppa. I tillegg vert det etablert ei ressursgruppe med brei samansetting (Riksantikvaren, Statens Vegvesen, NVE, Kraftbransjen, Kraft- og reiselivskommunar, Innovasjon Norge, bedriftsnettverk, Fjord Norge, forvaltarar av støtteordningar innan næringsutvikling).

Prosjektet vil bli tverrfaglege organisert i fylkeskommunane i nært samarbeid med Avdeling for Innovasjon og Næringsutvikling i Vestland fylkeskommune og Avdeling for kultur og næring i Rogaland fylkeskommune.

### Prosjektfasar og finansiering

Prosjektet er treårig med følgjande fasar:

- Oppstart (2021)
- Gjennomføring (2022)
- Avslutning/Overgang til driftsfase (2023)

Det er søkt Riksantikvaren om støtte på 600.000 kroner pr. år under Verdiskapingsprogrammet (sjå vedlegg 2). Det er lagt opp til at Rogaland og Vestland fylkeskommune går inn med 300.000 kroner kvar, pr. år.

	2021	2022	2023	Total
Vestland fylkeskommune	300.000	300.000	300.000	900.000
Rogaland fylkeskommune	300.000	300.000	300.000	900.000
Riksantikvaren	600.000	600.000	600.000	1.800.000
	1.200.000	1.200.000	1.200.000	3.600.000

Riksantikvaren har i brev datert 01.06.2021, gjeve tilsegn til prosjektet for 2021 på inntil 800.000 kroner, 600.000 til oppstart av prosjektet i 2021, og 200.000 til kunnskapsutvikling. Sjå vedlegg.

Utløysing av tilsegnet, krev matching frå fylkeskommunane. Finansiering av matchingsmidlane (300.000) vert for 2021 teke frå Seksjon for Kulturarv sitt driftsbudsjett. Dette er mogeleg å gjere på grunn av redusert forbruk grunna koronasituasjonen.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Fylkesrådmannen vurderer kraftindustrien sine kulturmiljø i Vestland som unike verdiar og opplevingsressursar. Gjennomført forstudie har vist at det er interesse blant reiselivsaktørar og forvaltarar av kulturminne til å ta desse ressursane i bruk i ein reiselivssamanheng.

Fylkesrådmannen vurderer prosjektet «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet» til å vere eit godt gjennomarbeidd prosjektkonsept med brei forankring både i berørte fagmiljø og hos lokale aktørar. Satsinga har også ein klar tverrsektoriell tilnærming der fylkeskommunen som regional samfunnsaktør står i ein unik posisjon til å utvikle innovative og framtidsretta satsingar.

Prosjektet er også i tråd med nasjonale mål på området, både på nærings- og kulturfeltet. Som oppfølging av nasjonal reiselivsstrategi 2030 har Innovasjon Norge foreslått etablering av eit programområde for «Nyskapande kulturopplevingar» som skal støtte initiativ i skjeringspunktet mellom reiseliv og kultur. Fylkesrådmannen oppfatar at prosjektet passar godt inn i denne programsatsinga. Kulturmiljømeldinga (Meld. St. 16 2019-2020, Nye mål i kulturmiljøpolitikken) legg opp til eit auka fokus på dei samanhengane kulturminna inngår i. Fylkesrådmannen meiner prosjektet er eit særleg godt døme på synleggjering og operasjonalisering av eit slikt fokus.

**Økonomi:** Tiltaket vil gje ein meirkostnad på 300.000 kroner pr. år i tre år, til saman 900.000 kroner, under føresetnad av at Rogaland fylkeskommune går inn med til saman 900.000 kroner og Riksantikvaren med 1.8 millionar kroner. For 2021 vert 300.000 kroner finansiert over vedteke budsjett KII-Kulturarv.

**Klima:** Tiltaket er ikkje av ein karakter som forureinar ytre miljø

**Folkehelse:** Tiltaket er med å leggje grunnlag for aktivitetsbasert småskalaturisme som er positivt for folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren vurderer prosjektet «Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorsk kraftlandskapet» til å vere eit godt gjennomarbeidd prosjektkonsept med brei forankring i berørte fagmiljø og hos lokale aktørar. Prosjektet er også i tråd med nasjonale mål både på reiselivs- og kulturmiljøfeltet. For Vestland fylkeskommune vil prosjektet vere ei tverrsektoriell satsing som på ein god måte bidreg til å oppfylle fleire av måla i Utviklingsplan for Vestland.

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å gjere vedtak i tråd med innstillinga.